



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	23.08.2016
Tid:	15:00 – 16:45

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Runar Stave	Nestleder	AP

Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
Ole Brubakk	MEDL	KRF
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Anja Pedersen	MEDL	FRP
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Ove Stenersen	Ole Brubakk	FRP
Robert Sverre Kleppe	Olaug Andreassen	AP
Bjarne Kvalsik	Frank Roy Moltu	FOLK/SP

Andre:

Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Landbruksjef Anne Kathrine Løberg

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Bjarne Kvalsik og Robert Kleppe

Orienteringar:
Status for Skarabakken v/utviklingsleiar Jarl Martin Møller.

underskrifter

Bjarne Kvalsik

Idar Tarberg
leiari

Robert Kleppe

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 53/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 54/16	Protokoll frå førre møte.
PS 55/16	Delegerte saker
PS 56/16	Høyring - framlegg til lov om endring av lov om konsesjon, lov om jord og lov om odelsrett og åsetesretten
PS 57/16	Gnr 16 Bnr 12 og 13 - Makebyte
PS 58/16	Søknad om konsesjon frå Janne Merete Myrvågnes og Runde Grande på erverv av gnr. 48 bnr. 5

Delegerete saker frå avdelingane

- DS 178/16 Herøy kajakklubb 42/5 snr. 47 - Løyve til fasadeendring
- DS 179/16 Frode Leine 25/19 - Igangsetjingsløyve for betongkonstruksjon og kai
- DS 180/16 Ferdigattest 45/162
- DS 181/16 Fosnavåg Servicesenter as - 37/82 - Tilbygg
- DS 182/16 Mellombels bruksløyve - 4 leilegheiter - 37/295
- DS 183/16 Gnr. 19 Bnr 17 - Frådeling av nausttomt
- DS 184/16 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - 22/77 - Grunnarbeid og oppsetting av gjerde
- DS 185/16 Arild Flusund - 16/21- Fasadeendring
- DS 186/16 Ferdigattest - 37/381 - 2 etg. 7 stk leilegheiter
- DS 187/16 Gnr. 40 Bnr 24 - Frådeling og grensejustering
- DS 188/16 Mellombels bruksløyve - 48/3
- DS 189/16 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG rør, sanitær og utstikking
- DS 190/16 Karl Åsberg - 35/6 - Støttemur
- DS 191/16 Herøy Vasslag SA - 36/48 - Tilbygg
- DS 192/16 Randi Iversen Gjeldvik - 59/76 - Rehabilitering av skorstein
- DS 193/16 Marit Pauline Kvalsvik - 17/15 - Garasje
- DS 194/16 Bjørn Arne Rugledal - 13/14 - Garasje
- DS 195/16 Per Gert Pettersen og Gunnhild Sundgot - 76/137 - Fritidsbustad
- DS 196/16 Marthe Knivsflå Toft - 12/70 - Fasadeendring
- DS 197/16 Ferdigattest skilting 37/82
- DS 198/16 Mellombels bruksløyve 46/82
- DS 199/16 Gnr 26 bnr 5, 6 og 34 - Frådeling av tre tomter til utbygging av bustadfelt
- DS 200/16 Mellombels bruksløyve leilegheit 76/39
- DS 201/16 Reimond Flusund - 36/83 - Tilbygg/fasadeendring
- DS 202/16 Rune Eiken 38/227 - Ferdigattest
- DS 203/16 Fredrik Hagemann - 40/1 - IG resterande arbeider einebustad
- DS 204/16 Mellombels bruksløyve Skotholmen - 11/162
- DS 205/16 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Igangsettingsløyve
- DS 206/16 Svein Hugås - 45/160 - 2 mannsbustad med frittliggende garasje
- DS 207/16 Frede Uldbæk - 87/15 - Fritidsbustad

- DS 208/16 Runar Kvalsund - 4/250 feste nr 1 - Flytebrygge
- DS 209/16 Mellombels bruksløyve - 40/50
- DS 210/16 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset - 4/330 - Einebustad med frittliggende garasje
- DS 211/16 Gnr 81 Bnr 35 - Frådeling av tilleggsareal til bnr. 28
- DS 212/16 Karl Johan Rødseth og Brit Ellinor Ytrebø 15/9 - Dispensasjon frå avstandskrava i veglova for oppføring av reiskapsbod
- DS 213/16 Henry Berge 34/128 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak
- DS 214/16 Ferdigattest tilbygg 4/27
- DS 215/16 Prosteel AS - 38/287 - Igangsetjingsløyve for deler av tiltak
- DS 216/16 Gnr 4 Bnr 288 Frådeling av to bustadtomter
- DS 217/16 Avvising av klage

PS 53/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 54/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 55/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerete saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 56/16 HØYRING - FRAMLEGG TIL LOV OM ENDRING AV LOV OM KONSESJON, LOV OM JORD OG LOV OM ODELSRETT OG ÅSETESRETSEN

Møtebehandling:

Landbruksjef Anne Kathrine Løberg møtte og orienterte i saka.

Det vart i fellesskap lagt fram 2 framlegg til avrøysting:

Framlegg 1:

«Herøy kommunestyre støtter framlegget til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelsova slik det går fram av Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsskriv datert 27.06.2016. Endringa styrkar den private eigedomsretten, aukar eigaren sitt spelerom og fører til mindre byråkrati. Det er viktig at driveplikta vert vidareført med dei endringane som ligg føre i framlegget.»

Framlegg 2:

«Herøy kommunestyre viser til høyringsskriv datert 27.06.2016 frå Landbruks- og matdepartementet og har nokre synspunkt på endringane i framlegget til konsesjonslova, odelsova og jordlova.

Det er mange små landbrukseigedomar i Herøy kommune. Ei endring av arealgrensa for konsesjon og odel frå 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord til 35 dekar gjeld eit fåtal eigedomar i kommunen. Vi kan støtte framlegget til endring i arealgrenser for konsesjon og odel.

Det bør fortsatt vere priskontroll for eigedomar som kan nyttast til landbruksformål. Vi meiner prinsippet med å nytte avkastningsverdi ved priskontrollen må halde fram. Ved å halde fast ved priskontrollen kan det vere med på å styrke driftsgrunnlaget for eigedomar som kjem på sal.

Vi meiner at kontrollloppgåva vert meir krevjande ved lovendringa, derfor går vi i mot framlegget som gjeld endringar ved deling og konsesjon på tilleggsjord.

Vi går imot framlegga som gjeld endringa i §12-deling i jordlova. Kommunen må fortsatt vere med på å vurdere ulempene delinga vil ha for landbruksdrifta i området eigedomen ligg.

Herøy kommunestyre støttar endringane som gjeld driveplikt slik dei kjem fram i høyringsframlegget.»

Framlegg 1 fekk 2 røyster – Idar Tarberg og Ove Stenersen.

Framlegg 2 fekk 3 røyster.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 23.08.2016

Herøy kommunestyre viser til høyringsskriv datert 27.06.2016 frå Landbruks- og matdepartementet og har nokre synspunkt på endringane i framlegget til konsesjonslova, odelslova og jordlova.

Det er mange små landbrukseigedomar i Herøy kommune. Ei endring av arealgrensa for konsesjon og odel frå 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord til 35 dekar gjeld eit fåtal eigedomar i kommunen. Vi kan støtte framlegget til endring i arealgrenser for konsesjon og odel.

Det bør fortsatt vere priskontroll for eigedomar som kan nyttast til landbruksformål. Vi meiner prinsippet med å nytte avkastningsverdi ved priskontrollen må halde fram. Ved å halde fast ved priskontrollen kan det vere med på å styrke driftsgrunnlaget for eigedomar som kjem på sal.

Vi meiner at kontrollloppgåva vert meir krevjande ved lovendringa, derfor går vi i mot framlegget som gjeld endringar ved deling og konsesjon på tilleggsjord.

Vi går imot framlegga som gjeld endringa i §12-deling i jordlova. Kommunen må fortsatt vere med på å vurdere ulempene delinga vil ha for landbruksdrifta i området eigedomen ligg.

Herøy kommunestyre støttar endringane som gjeld driveplikt slik dei kjem fram i høyringsframlegget.

PS 57/16 GNR 16 BNR 12 OG 13 - MAKEBYTE

Møtebehandling:

Leiar Jarl Martin Møller og Andreas Vagnhildhaug frå utviklingsavdelinga møtte og orienterte i saka.

Ny tilråding frå rådmannen låg føre og vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 23.08.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel etter pbl. §§ 19-2, og gjev løyve til deling etter jordlova § 12, med sikte på makebyte av 5 dekar innmarksareal mellom gnr. 16, bnr. 12 og 13.

Vilkår for dispensasjon:

- Det vert stilt krav om at det skal vere gjennomført ei arkeologisk synfaring i forkant av oppmåling av eigedomane.

Med heimel i plan og bygningslova § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71 og lov om eideomsregistrering (Matrikkellova) §§33 og 34, godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak jf. pbl. § 20-1 bokstav m datert 20.12.2015.

PS 58/16 SØKNAD OM KONSESJON FRÅ JANNE MERETE MYRVÅGNES OG RUNDE GRANDE PÅ ERVERV AV GNR. 48 BNR. 5

Møtebehandling:

Landbruksjef Anne Kathrine Løberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 23.08.2016

Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 nr. 98 med endringar i lov av 19.06.2009 nr. 98 gjev Herøy kommune konsesjon til Janne Merete Myrvågnes og Runde Grande for erverv av gnr. 48 bnr. 5 tilhørande Kirsti J.S. og Jan Andreassen.

Grunngjeving:

Ervervet fyller føremålet i lova og det vert ei driftsmesseg god løysing som tek i vare omsynet til ei heilskapleg ressursforvalting. Ervervet gjev då slike eigar- og brukstilhøve som er mest ganglege for samfunnet.

MØTET SLUTT KL. 16:45